

Grunneiere v /Knut Erlend Hagen
2485 RENDALEN

Vår dato: **20 DES 2011**
Vår ref.: NVE 200804411-23 ki/saas
Arkiv: 312 /002.JE7Z
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Silje Aakre Solheim
22 95 95 44

Grunneigarar v/Knut Erlend Hagen – Søknad om løyve til bygging av Kverninga kraftverk i Kverninga, Rendalen kommune, Hedmark - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 31.08.2010.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til bygging og drift av Kverninga kraftverk med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagte KI - notat 77/2011 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknadene til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld Kverninga kraftverk og tilhøvet dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

NVEs sakshandsamarar når det gjeld godkjenning av detaljplanar for miljø og sikkerheit er Arne Hamarsland i Seksjon for miljøtilsyn og Jens Nicolai Thom i Seksjon for damsikkerheit. Vi viser elles til NVE si rettleiing 1/2008 "*Veileder for planlegging, bygging og drift av små vassdragsanlegg med konsesjon*" som finst på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi framhevar at det ikkje må setjast i gong noko anleggsarbeid før planane for arbeida er godkjende av NVE. Vi minner om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Når kraftverket vert sett i drift, skal skjema for melding om idriftsetting av vasskraftverk fyllest ut og sendast til NVE. Skjemaet er tilgjengeleg på NVE sine nettsider.

NVE gjer merksam på at den som ønskjer å starte kraftproduksjon, minst ein månad i førevegen skal registrere verksemda i det tolldistriktet der verksemda har sin forretningsstad i samsvar med reglar frå Toll- og avgiftsdirektoratet. Registreringsplikta gjeld for kraftproduksjon i aggregat med generator som har ein merkeyting på 100 kVA eller meir. Kraft produsert i slike anlegg er avgiftspliktig. Årets rettleiar for forbruksavgift på elektrisk kraft finst på www.toll.no. Meir informasjon kan fåast ved å vende dykk til næraste tollstad.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Forholdet til energilova

I tillegg til denne konsesjonen etter vassressurslova må ein ha nødvendig løyve etter energilova før utbygginga kan starte. Samstundes med innsending av detaljplanar må det liggje føre ei endeleg avklaring frå netteigar om at det er ledig kapasitet i lokalt og overliggande nett. I tillegg må tilknytning av høgspenitanlegg vere avklara med områdekonsesjonær. NVE vil ikkje godkjenne detaljplanane før dette ligg føre.


Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøklar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Silje Aakre Solheim
avdelingsingeniør

Vedlegg: 2 Vassdragskonsesjon for Kverninga kraftverk
KI-notat 77/2011 – Bakgrunn for vedtak

Kopi m. Rendalen kommune, 2485 RENDALEN
vedlegg: Fylkesmannen i Hedmark, Postboks 4034, 2306 HAMAR
Hedmark fylkeskommune, Fylkeshuset, 2325 HAMAR
Statens Vegvesen Region Øst, Postboks 1010, 2605 LILLEHAMMER